

Firda, Førde i Sunnfjord
Upol.

Firda Folkeblad, Florø
Venstre

Firdaposten, Florø
Arb.p.

Firda Tidend, Sandane
Senterp.

X Fjordabladet,
Nordfjordeid. Venstre

Fjordingen, Stryn
Høire

Fjordenes Tidende,
Måløy. Høire

- 8 JULI 1960


Jon Johnson

prest.

60 år - 11. juli 1960

28-01-095

Lisje-Jonsen er 60 år



Det er gått 35 år sidan Jon Johnson som nybaka prest kom til Hornindal. Der fekk han straks kjælenamnet «Lisje-Jonsen» og det heiter han blant honndølene den dag i dag.

Alhed og Jon var honndalen sitt prestefolk i tida 1925—33. Der etter kom han som res. kap. til Sør-Odal. Der møtte han Oxford-rørsla. Den fanga han sterkt, og ein kan vel seie at den fekk ein avgjerande innverknad på livsstilen hans. Så kom krigen. Nazistane og tyskarane lika ikkje karen. Dei fengsla og sidan forviste han. Han kom til Ullern i Oslo. Dei siste åra har han vore sokneprest i Uranienborg kyrkjelyd. — No er det vel nær sakt ikkje ein heim i landet som sikkje har lydd til han, kjend som han er frå foredragsseriar og andre overføringar i radio.

Men Johnson er ikkje på bylgjelengde med folk berre gjennom eteren. Han har ei uvanleg evne til å finne folket — og til å samle det. Men vi skal ikkje gløyme at han har hatt ein trufast og dyktig medarbeidar i kona Alhed. Han har òå heller aldri lagt skjul på kva verd ho har hatt og for han. I glad kjærleik, med offersinn og eit smittande humør har dei gjort si gjerning i kyrkjelydane.

No fyller han 60 år, måndag den 11. juli. Mang ein honndøl stussar kanskje tankefull: er Lisje-Jonsen så gamal! Og det dreg eit bilete i hugen forbi, av prestar som stod på denne preikestolen før han, og av dei som har stått der sidan. Og enno ein gong vert vi minte om kor underleg og vidunderleg dette livet er — at «slektene skifter som løy i lund».